

## REFERAT FRÅ HØYRINGSMØTE OM NY NYNORSK RETTSKRIVING, I SPRÅKRÅDET 21. FEBRUAR 2011

---

Møtet var i auditoriet i Nasjonalbiblioteket i Oslo. Det opna med ein rappevideo om nynorsk sidemål som er laga av elevar ved Elvebakken videregående skole i Oslo. Møteleiar Jan Olav Fretland intervjuar to representantar for elevane som hadde laga videoen: Ole Kristian Beil og Ole Haug.

Ottar Grepstad, styreleiar i Språkrådet, innleidde om mandatet som rettskrivingsnemnda fekk 20.1.2010:

Det er kanskje ikkje den største rettskrivingsendringa som har vore, men den mest demokratiske. Det var viktig for styret å få til ein demokratisk prosess. St.meld. 35 (2007–2008) *Mål og meining* gav føringar frå Stortinget og Kulturdepartementet, og dei vart tekne inn i mandatet.

Mange har peika på at mandatet er motsetningsfullt. Det var styret klar over, men me let det vera opp til nemnda å balansera dei ulike omsyna. Det er òg kritisert at det har vore knapp tid til arbeidet. Det gjekk an fordi mykje arbeid var gjort før, dessutan var det viktig ikkje å hala ut prosessen sidan det skulle vera ein open prosess; då kan engasjementet lett falma.

Sjølve prosessen kan ha gitt eit anna resultat enn om ein hadde hatt ein lukka prosess. Styret ville laga ein møteplass mellom fagfolk og publikum, og mange har endra syn eller kjent seg høyrde i denne prosessen. Styret har følgd prosessen på avstand og vore litt forelska, og er imponert over arbeidet nemnda har gjort. I dag meiner styret ingen ting, men når nemnda har konkludert, skal styret meina noko om arbeidet nemnda har gjort. Styret ser fram til å kunna ta imot den endelege innstillinga og takka nemnda.

Grete Riise, leiar i rettskrivingsnemnda:

Det er viktig å hugsa på at dette er ei reell høyring, der nemnda enno er open for innspel. Nemnda er samansett av folk med språkkompetanse og brukarkompetanse. Nett som i forsamlinga på dette høyringsmøtet er det ulike syn i nemnda, men me har levert ei samla innstilling.

Mandatet sa at nemnda skulle byggja på utgreiinga frå 2002, og føra ein open prosess. Det har nemnda gjort gjennom å leggja ut vedtak, og gjennom å ta imot innspel på blogg, e-post, møte og no høyringa. Kjeldene har vore 2002-innstillinga, det nynorske tekstkorpuset, Nynorskordboka, setelarkivet til Norsk Ordbok, husnormer, skulebøker og språkgranskingar.

Norma skal gjera det lettare å vera nynorskbrukar. Nemnda har tolka det som at det skal bli lettare å skriva rett, og at færrast mogleg skal måtta endra nynorsken sin for å skriva rett. Vidare skal norma vera tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, appellera til språkbrukarar over heile landet og vera stabil over tid. Nemnda laga sine operasjonelle prinsipp: Å normera på eigen grunn tolka nemnda som ubunde av bokmål, men ho gjekk ut frå dagens nynorsk, og gjekk ikkje attende til ei eldre norm. Nemnda har vidare lagt vekt på skriftspråkleg tradisjon og praksis, mykje utbreidde talemålsformer, og bruken i dag.

Nemnda skulle fjerna klammene, og har stramma inn med utgangspunkt i den vide rettskrivinga. Det inneber at den nye rettskrivinga blir vidare enn dagens læreboknormal, men trongare enn dagens rettskriving. Nemnda har ikkje gjort noko med landsnamnet eller med ordtilfanget – det var utanfor mandatet. Innanfor mandatet kunne nemnda ha sett på valfritt kjønn, valfri bøying av verb, innbyggjarnamn med vanskelege skrivemåtar eller språkleg rådgiving, som må skje i samarbeid med bokmålet. Vidare har me ikkje gitt råd om språkbruk, t.d. om blanda bøying – det tenkte me kan vera Språkrådet og lærarane si oppgåve.

Den vidare framdriftsplanen er høyringsfristen 25. februar, så skal nemnda ha møte 3.–4. mars, og levera innstillinga 1. april. Styret i Språkrådet skal behandla innstillinga 20. mai, og senda henne over til Kulturdepartementet. Dei nye ordlistene skal gjelda frå 1. august 2012.

Nemnda vonar og trur:

- at me gjer kvardagen enklare for lærarar og elevar.
- at folk vil sjå at enkel og stram ikkje nødvendigvis er det same.
- at det store fleirtalet ikkje treng endra nynorsken sin.
- at me har funne den midtlinjenynorsken me var ute etter.

Håvard Øvregård, Noregs Mållag:

Noregs Mållag har ikkje hatt høve til å behandla innstillinga på noko landsmøte, men har eit landsmøtevedtak om normering frå 2008. Styret kommenterer derfor innstillinga opp mot landsmøtefråsegna om normering som vart vedteken i 2008. Noregs Mållag går ikkje inn på enkeltspørsmåla som høyringsbrevet tok opp.

Dei viktigaste prinsippa i fråsegna frå Stavanger er:

- Nynorsk er eit sjølvstendig skriftmål og må normerast på eigen grunn.
- Den nynorske tradisjonen har ein eigenverdi.
- Normeringa må byggja på dialektane og nynorsken slik han er i dag.
- Ein del valfridom er tenleg.
- Det er positivt at inkonsekvensar og lite brukte former blir fjerna.
- Det er på tide å fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer.

Noregs Mållag meiner at nemnda alt i alt har gjort eit godt arbeid, og at framlegget frå nemnda som heilskap er eit godt framlegg, som er i tråd med nemnda sitt mandat. Landsmøtet i 2008 gjekk inn for å oppheva skiljet mellom hovudformer og sideformer. Vidare meinte landsmøtet at nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag, og ut frå dialektane og nynorsken slik han er i dag. Styret i Noregs Mållag meiner at framlegget frå nemnda i store drag har ivareteke dette, og vil takka rettskrivingsnemnda for arbeidet.

Eva Holthe Enoksen, Norsk målungdom:

NMU har ei landsmøtefråsegn frå 2008, og landsstyret har uttala seg ut frå den. NMU meiner at systemet med klammeformer bør ut, og er glad for at det no skjer. NMU er likevel ikkje nøgd med arbeidet på alle punkt. Når ein tek ut ord som er lite i bruk, og ikkje gjer noko med dei valfrie formene som er mykje brukte, vil ikkje folk flest oppleva at nynorsken er stramma inn. Forslaget om *dykk* som subjekts- og objektsform er uheldig. Det er bra at nemnda har stramma inn noko på samsvarbøyinga samanlikna med i dag, men NMU meiner det bør vera obligatorisk

samsvarbøying. Det er viktig at ein òg tek med nynorsken slik han blir skriven i dag, men me må vera bevisste på at den nynorsken me har i dag, er eit resultat av tilnæringspolitikken. NMU er glad for arbeidet nemnda har gjort, og at me kan einast om ei ny rettskriving, for organisasjonen har anna å gjera enn å driva med normering.

Thorgeir Holm, Norskt Måldyrkingslag:

I mandatet står det at nemnda skal laga ei tydeleg, stram og enkelt norm for folk flest. Nemnda har laga fire "operasjonelle" prinsipp, og eitt hovudprinsipp synest å vera å rekna oppslag i tekstkorpuset og samla statistikk.

Å normera nynorsken "ubunde av bokmål" er eit framifrå prinsipp, men nemnda ser bort frå at mange av orda kjem frå bokmål, når ho tek utgangspunkt i dagens nynorsk. Det som kjem ut av dette, er fleire hovudformer enn før, større virvar i vanlege ord, fleire særreglar, meir bokmål, meir bokmålsnært målføretilfang, mindre målføremangfald i endingsverket, mindre tradisjonelt mål – med andre ord fullt Aasen-brot.

Det skjer ei omdialektisering i dag mot bokmålsnære talemål. Mange likar ikkje det omgrepet og kallar det regionalisering. Aasen bygde på nedervde målføre; Riise-nemnda byggjer på bokmåliserte målføre. Riise-nynorsken blir eit avbrigde av bokmålet. Det er dårleg at nemnda ikkje med eit ord problematiserer kva slags mål ho byggjer på.

Sergej Alexander Munkvold, Ivar Aasen-sambandet

Det var ein del av mandatet å skjera ned på talet på former. Nemnda har tolka det slik at ho skal skjera ned på talet på former i den vide rettskrivinga, og det er opplagt ikkje slik det bør tolkast. Folk flest lærer nynorsk gjennom å sjå nynorsk, og no får me ein mindre tydeleg og mindre stram nynorsk. I barneskulen lærer dei norma fyrst og fremst gjennom det dei ser på tavla og i bøkene. Viss det er veldig varierende, får dei vanskar. Nemnda byggjer på usus. Problemet er dei ofte nytta formene. Det er viktigare å skjera ned på talet på former der enn i lite frekvente ord.

Det synest viktigare for nemnda å vera deskriptiv enn normativ. Det som faktisk har vore problemet, er den store valfridommen i dei vanlege orda. Valfridommen i sjeldne ord viser kor klåfingra tidlegare nemnder har vore, men det er uforståeleg at denne nemnda bryr seg med desse orda. Når fleirtalet i Noregs Mållag i 2008 ville ta bort skiljet mellom hovudformer og sideformer, var dei utan ei klar meining om korleis dette ville bli. Det skaper meir vanskar viss ein normerer slik at det blir nye unntak. Talemålsnærleik som eit pedagogisk argument gjeld berre inntil eit visst punkt. Ein kan spørja seg om ikkje den store valfridommen gjer nynorsken vanskelegare for folk flest.

Håvard Tangen, Høgnorskringen:

I-målet med tilliggjande herlegdom må framleis haldast oppe i nynorsken. Det har sterke band til Ivar Aasen, som me snart skal ha 200-jubileum for. Aasen valde i-målet for å ta vare på det indre systemet i målet. Bøyingarformer av linne hokjønnord som *ei visa* og *visor* heng ofte saman med *i-målet*, likeins partisipp på *-i* og kløyvd infinitiv. Mange i laget vårt har sett på korleis systemet heng saman. Det blir sagt at i-målet ikkje blir nytta mykje. Det kjem faktisk ut både avhandlingar, diktsamlingar og blad, og klassikarar som Olav H. Hauge bruker i-mål. Det er

tragisk at somme kallar dette arkaisk. Det er ikkje berre bymål som har krav på å bli kalla folkemål. Typologisk valfridom må vera lov også i framtida. Forbodslina mot formene Aasen og andre klassikarar bruker, er ikkje tenleg for oss. Nei til strukturrasjonalisering og sentralisering av nynorsken!

Ola E. Bø:

Norma er ikkje det som skal berga nynorsken. Nemnda har fått eit greitt mandat, og har gjort eit godt arbeid ut frå dei mange tinga ho skulle balansera.

Scenespråket har tradisjonelt vore eit føredøme for tala språk. Det Norske Teatret er eit av dei få utstillingsvindauga for nynorsk tale basert på dialekt og nynorsk skriftmål, og eg vil støtta den kløyvde infinitiven. Det er arven frå Garborg og midlandsnormalen, men òg ei solidarisering med Oslo bymål. Mange synest dessutan at kløyvd infinitiv er vakker og brukeleg, sjølv om dei fleste på scenen ikkje forstår kva dei held på med. Eg er imot at me trekkjer oss attende til kjerneområda. Som teatermenneske ser eg det slik at alle forfattarar må kunna kjenna seg att når me snakkar nynorsken deira på Det Norske Teatret. Dei må ha liktlydande aksjar i det nynorske språket. Derfor bør også monoftongane få stå. Eg trur heller ikkje det er lurt å ta ut suffikset *-ut*, pga. rytmen i språket. Og for all del: ikkje *dykk* – *dykk*. Ta heller *dokker* – *dokker*.

Reidar Sandal, Nynorsk kultursentrum:

Nynorsk kultursentrum sluttar seg til dei fleste framlegga frå nemnda, ni av ti punkt, men rår klart frå at *dykk* blir subjektsform.

At nemnda har kome med eit samrøystes framlegg, gir innstillinga den tyngda ho fortener. No bør eit breitt nynorskmiljø samla seg om det som er det viktigaste.

På mange punkt aukar valfridommen, og Nynorsk kultursentrum støttar hovudlinjene, men ville ha gjort det også om norma var strammare. Vid valfridom kan vera ein rikdom for dei sikre, og eit hinder for dei usikre. I så måte er det eit balansert framlegg. Valfridommen blir større for dei som pliktar å følgja ei norm. Nynorsk kultursentrum vil ta i bruk norma så snart ho tek til å gjelda.

Visjonen til Nynorsk kultursentrum er nynorsk når som helst og kvar som helst. Det er viktig at nynorsk blir verande eit landsdekkjande riksspråk. I dag er det nynorsk i kvar fjerde skule og i kvart tredje kyrkjesokn. Nemnda har ikkje laga ein vestlandsnynorsk, men har gjort det lett for folk frå ulike landsdelar å bruka nynorsk.

Nynorsk kultursentrum har merka seg at nemnda jamstiller *då/da*, osv., og ber nemnda setja opp ei liste over 10–20 svært vanlege ord som skal ha berre ei form – *eg, ikkje, no, då* ofl. Det synest òg som om nemnda stundom kjem i vanskar når ho prøver å laga system av det som ikkje er noko system.

Tormod Kinn, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen:

Ved instituttet vårt som andre stader er det mange ulike syn på kva som er den rette vegen å gå. Somme meiner det er nødvendig med innstramming, andre ikkje. Somme vil fjerna tonivåsystemet, andre ikkje. Instituttet har drøfta innstillinga inngående, og skal levera ei

grundig innstilling. Hovudbodskapan er at nemnda har gjort ein god jobb. Me støttar dei fleste framlegga om innstramming av kategoriar, men meiner det er mindre nødvendig i enkeltord.

Me er uroa over at talemålsgrunnlaget for norma er innsnevra, og meiner fleire av orda med monoftong bør bli ståande. Vidare saknar me ei drøfting i innstillinga om konsekvens, og oppmodar nemnda om å vera liberal. Det er ein fordel om ein seier at ein kan bruka *ope* og *gebrokkent* i same tekst. Når det gjeld stavemåtar med og utan *j*, bør ein vera varsam med konsekvens. *Tenkje* og *enke* bør vera lov, likeins *bygge* og *tenkje*. Det kunne tenkjast at ein sa det same om infinitiv, då trong ein ikkje forby kløyvd infinitiv. Nemnda bør seia slikt i innstillinga – elles blir det praktisert strenge krav til konsekvens.

Når det gjeld *dykk* – *dykk*, seier instituttet klart nei. Me trur ikkje det er mange som vil ha *dykk* som subjekt. Anten bør det vera *dokke* – *dokke* eller som i dag. Skiljet mellom subjekts- og objektsform er på vikande front. Folk bruker ikkje *dykk* som subjekt fordi dei likar forma, men fordi dei ikkje skil mellom subjekt og objekt. Mange som er glade i nynorsk, mislikar forma *dykk*. Me har undersøkt i nynorske tekstar på nettet, og *dokke* er den klart mest frekvente forma.

Me vil gi nemnda ros og takka henne for at ho har gjort dette vanskelege arbeidet.

Turid Kleiva:

Det er sagt at det har vore ein open prosess, men eg er likevel uroleg for det hastverket som har vore på slutten av den prosessen som har vart i 40 år. Ta *dykk* tid. Mandatet er todelt: tydeleg, stram og enkel norm. Det som ikkje er sagt så ofte, er at innstillinga skal forankrast i talemål frå heile landet. Desse prinsippa står mot kvarandre; systemet me har hatt, har teke vare på talemål frå ulike landsdelar. "Stram" er valt i staden for "trong", det tyder kanskje "litt trong"? "Lett" kan tolkast som lett å gripa til, det hadde vore fint. Det er ein myte at valfridom er ei ulempe.

Eg ser at det må ha vore vanskeleg å balansera desse omsyna, både der eg er samd og der eg er usamd. Det er flott at nemnda har teke inn mange valfrie former, det viser omsyn til komande generasjonar. Så kan endå fleire oppleve gleder over å kjenna att former frå talemålet sitt. Mange unge frå område der nynorsk ikkje står sterkt, har teke i bruk nynorsken i seinare år, jf. Tiller. Dei bruker sideformer som no er utryddingstruga. Leiar Riise seier at nemnda har lagt mindre vekt på talemål – det bør vera rom for talemålsjusteringar. Dei unge bruker formene utan *j*, så det er rett at ein opnar for valfridom der. Men nemnda må ikkje kutta formene til dei austnorske og trøndske brukarane, t.d. monoftongar og kløyvd infinitiv.

Tordis Fosse:

Mitt utgangspunkt for å uttala meg er at eg kan representera austlendingar som absolutt vil skriva nynorsk. Eg har undervist i nynorsk i bokmålsstrøk i fleire tiår.

Nemnda har gjort mykje bra oppryddingsarbeid. Noko er bra – noko ber eg *dykk* endra, for at det ikkje skal bli eit språk berre for Vestlandet. Nynorsken bør vera fargerik, for å vera tiltrekkjande på folk med bokmålsbakgrunn. Det gjer ingen ting om det er valfridom på regelnivå, det er mogleg å læra seg. Monoftongar bør framleis vera lov, og *skole*, *noe*, *mye* bør vera lov. Det same gjeld kløyvd infinitiv.

Lars S. Vikør:

Etter mi meining har nemnda vore flink til å balansera. Det fyrste grunnlaget for nemnda bør vera *Mål og meining*. Der står det ein einaste konkret ting: Nynorsken bør vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at han ikkje stengjer ute store grupper av nynorskbrukarar.

Nemnda har stort sett greidd dette bra. Det folk er vane med å skriva, og som er i bruk, bør stort sett vera lov å bruka vidare. Det er ikkje slik at alt kan gjerast enkelt heller. Nemnda normerer no den slitesterke normalnynorsken; i forlenginga av dette arbeidet bør ein diskutera kva slags norm ein kan bruka på visse andre samfunnsområde. Me normerer såleis ikkje heile språket, men ein kjerne av språket som skal vera kollektiv eige. Det er viktig for oss som skal læra nynorsk, at ein gjer spriket minst mogleg mellom det folk flest oppfattar som vanleg, og det som står i ordlistene.

Eg meiner nemnda ikkje har kome heilt i mål når det gjeld *-de* og *-te* i e-verb. Eg vil prøva å koma med eit framlegg til nemnda, for eg trur det kan gjerast noko betre. Eg trur ikkje det gagnar nynorsken at ein tek ut ord som *skole* og *kjøra*. *Møyr* og *skjør* bør òg skrivast med monoftong. Elles er monoftongformene marginale. Eg er svært glad for at j-en blir valfri i verb og substantiv, men synest nemnda går litt langt når ho tek ut j i *følgje* og *bølgje*. I motsetning til andre vil eg forsvara *dykk* – *dykk* fordi det er ei svært tydeleg form, i motsetning til *de*. Samtidig er det ei form som endrar seg i talemålet.

Kari Bjørke, Litteraturselskapet i Det Norske Samlaget:

Litteraturselskapet vil gi ros til nemnda for jobben de har gjort, og at de har kome fram til eit samrøystes framlegg. De har gjort nynorsken enklare på mange område, og samtidig er det ein samanheng i forslaget som gir det pedagogisk gevinst. Det er ei erfaring frå forlagshald at dei nye forfattarane treng rettleiing, mens dei erfarne skriv som dei vil uansett. Det er sjølvsagt viktig at også forfattarane bruker norma slik at me ser henne mest mogleg i bruk.

Eg hadde nok støtta forslaget sjølv om det var strammare, men eg har ikkje noko klart framlegg til kvar det skulle ha vore endå strammare. Personleg kan eg seia at eg aldri har likt ordet *dykk*, så eg er veldig glad viss de finn noko anna.

Til no har det vore store forventningar til innhaldet i innstillinga. Vidare framover er det svært viktig at ein tenkjer på korleis norma skal gjennomførast. Dette er eit høve til ei opprusting av nynorsk i skulen og i heile offentleg sektor.

Andreas Bjørkum:

Eg vil skryta litt i starten, det er fint at det blir berre former med diftongar, og at monoftongane går ut. Men det er ikkje enkelt å avgjera om ord skal ha enkel eller dobbel konsonant, for framlegget blir ikkje i samsvar med talemålet på dette punktet.

Det er elles meiningslaust at de strykk fleirtalsformene *menner*, *lyser*, *vemmer*, jf. talemålet. Dei bør få stå som dei står i Norsk Ordbok. Den blir ståande som det store normeringsorganet i framtida. Linne inkjekjønnsord: *auga*, *hjarta*, *øyra* får enno valfritt *-o* i fleirtal, men de hoppar over andre ord som *før* kunne ha det. Adjektiv på *-ut* er det sagt mykje fint om – seks–sju ord har berre ei oppslagsform på *-ut*, eg ser ingen grunn til å ta den ut.

Det er heilt meiningslaust å gjera *dykk* til subjektsform. Når det gjeld e-verb med utgang på *-r*, er det mange som ønskjer å kunna bøya dei med *-de*. De bør heller ikkje endra samsvarbøyinga.

Arvid Langeland:

Framlegget fører i stor grad tilnærminglinja vidare. Nemnda seier rett nok at ho vil demma opp for bokmålsnære former som *skole*, *høra* og *kjøra*, men på andre sida opnar ho for mange bokmålsnære former, til dømes preteritum *kjente*. Samsvarbøying av svake verb blir delvis forboden i ein del verb, det er òg uheldig. Nemnda er elles 147 år for seint ute når det gjeld forslaget om *dykk* – *dykk*.

Voss Mållag slåst no for nynorsk skilting saman med Språkrådet. I staden for nynorsk tekst kan me få bokmålsnære former av slagorda til NSB og Helse Vest. Er det slik me skal feira sigrane våre?

Eva Nørstebø:

Eg skal gjera meg til talskvinne for ei gruppe som ikkje har vore framme så langt: sidemålslærarane. Det har ikkje vore ei lett rolle. Korleis skal me snu på det? Me såg fram til ei enkel norm, men har jo ikkje fått det. Eg er heilt på linje med NMU og Kari Bjørke: De må sjå på det ein gong til om de kan forenkla, gjera norma veldig enkel! Eg har sett den hjelpeløysa som finst i departemental nynorsk – også der ser eg at dei treng ei enkel norm. Det same gjeld ungdom i nynorske strøk. Eg vil gjerne ha ein del former som eg er glad i, men kan gi avkall på det for å få ein enklare nynorsk.

Arvid Langeland (replikk):

Eg vonar at framlegget frå Voss mållag kan trøysta den siste talaren: Skrivemåtar som frå og med mellomkrigstida er komne inn i nynorsken med det overordna føremålet å nærma han til bokmålet, må takast ut, og nynorsken må atter tuftast på normeringsprinsippa til Aasen. At nynorsken kan stå fram som eit tydeleg, sjølvstendig standardspråk med minimal valfridom på line med andre europeiske standardspråk, er ein viktig føresetnad for å stå imot presset frå bokmålet.

Eva Nørstebø (svarreplikk):

Eg er skeptisk til den norma du vil ha.

Edvard Hoem:

Det er ordførarperspektivet som rår igjen. Meiner du at dei som ikkje snakkar som dei gjer på Voss, snakkar dansk? Språkutviklinga som har ført til dagens nynorsk, har ikkje noko med dansk å gjera, det er ei utvikling me ser over heile landet. Me som skriv eit nynorsk som blir forstått og teke imot, må renonsera litt på det som er våre private former. Nynorsken min er ikkje

sjåvinistisk eller provinsiell, men her får eg høyra frå vossakanten at formene mine ikkje er gode nok.

Me må faktisk tillata fleire tonefall å få koma til sin rett, elles går det ikkje. Sidan 70-åra, då samnorsken stod litt sterkare, har nynorsklitteraturen vore svært konsistent. Dette språket har vakse fram som ei erfaring av at du faktisk må finna ein gyllen middelveg for å nå fram med ei norm. Du spør etter ein indre logikk? Det er på eit anna nivå, eit anna system.

Eg støttar nemnda når det gjeld kløyvd infinitiv – den kløyvde infinitiven kjem truleg til å leva betre viss han blir forboden. Elles er eg lei meg for at det ikkje skal vera lov å skriva monoftongar. Det har heller ingen ting med dansk å gjera. Eg kjem til å skriva *de – dykk* til min døyande dag, men for Det Norske Teatret ville det truleg vera ei vinning om dei kunne seia *dokker – dokker*.

Arvid Langeland:

Eg vil visa til det framlegget Ola Breivega og eg har laga. Det er meint som eit kompromiss mellom vest og aust, og det er ikkje noko fjellbygdmål. Me kan ikkje diskutera nynorsk utan å diskutera forholdet til bokmål – elles kjem nynorsken til å rygga til han blir usynleg.

Endre Brunstad:

I 2002–2003 var det normeringsarbeid, og Noregs Mållag og fleire var svært kritiske. Kvifor er så mange positive no? Det er ein realitet at tonivåsystemet skal vekk, det er noko av grunnen. Eit viktig resultat er at læreboknormalen blir utvida. Truleg blir det endå meir utviding etter høyringsrunden. Spørsmålet er kva slags former som blir rådande i lærebøker og liknande.

Når rettskrivinga er fastsett, begynner eit nytt og like viktig arbeid: Korleis blir rettskrivinga praktisert av dei store tekstprodusentane, og av lærarane i skulen? Nemnda har teke litt av det på førehand ved å ta ut ord som *skole*, men eit like viktig rettskrivingsarbeid kjem etter at nemnda er ferdig. Prosessen har gått på ein svært god måte, og nemnda har gjort eit godt arbeid.

Snorre Standish Norheim:

For dei som skal skriva nynorsk som hovudmål, er dette nedslåande. Det er teke for mykje omsyn til sidemålselevane, jf. framlegget om *dykk – dykk*. Norma må femna om dei forfattarane og nynorskbrukarane som lever i dag. Der støttar eg Ola E. Bø. Det er ikkje mykje hjelp til meg som jærbu at de stryk mange enkeltord.

Guri Vesaas:

For å finna fram til skriftspråkleg tradisjon og praksis har nemnda brukt nynorskkorpuset, men skjønnlitteratur for barn manglar i korpuset. Då har nemnda gått glipp av viktige bøker, t.d. forfattarar frå Nord-Noreg og Trøndelag. Når forfattarane kunne velja monoftongar, kløyvd infinitiv o.l., fann mange av dei ut at nynorsk låg nærast talemålet deira. Eg er betenkt når eg ser at berre Den norske forfatterforening, ikkje NBU – Norske Barne- og Ungdomsbok forfattere – har fått høyringsbrevet tilsendt. Dei forfattarane som skriv nynorsk barnelitteratur, er livsviktige for nynorsken si framtid.



Grete Riise:

Nemnda er svært takksam og glad for innspela. Det har kome fram mange nyttige ting me har tenkt og ikkje tenkt på. Me har fått utdjupa dilemmaet mellom enkel og stram. Det å læra seg å skriva rett er viktig – det pedagogiske spørsmålet er vel ofte å vera gode rådgivarar. Valfridom kan vera forvirrande i nokre tilfelle, i andre tilfelle nyttig. Me venta motbør på *dykk* – *dykk*, og hadde ein grundig diskusjon om det. Nemnda har diskutert *dokk*, *dokker* ofl. former, fordi mange mislikar forma *dykk*. Når folk skriv privat, blir det ofte *dokk* – *dokk*.

Folk har spurt om me ikkje kan laga meir system og reglar. Når det ikkje er system, har me stundom prøvd å laga det – men kanskje burde me ikkje gjera det. Når det gjeld konsekvens, bør me nok ta inn noko om bruk og konsekvens i innstillinga. Kløyvd infinitiv vart nemnd – kanskje er det ein tanke å halda systemet utanfor norma for å halda liv i det, som Hoem seier?

Ei norm for kven? er det spurt. Eg meiner at diktarane skal kunne gå ut over norma uansett, likeins tvitrarane. Språket er mykje vidare enn norma. Mykje i Norsk Ordbok er ukjent for meg, men det er likevel det norske språket.

Norma er ikkje avgjerande for framtida til nynorsken, men ganske så viktig for språket i det offentlege Noreg. Mange av oss her kjem til å skriva som før, men det er viktig at skriftnorma er slik at nye skuleelevar lett kan læra seg nynorsk. Det er likevel ikkje dette som avgjer framtida til nynorsken.

Ottar Grepstad:

Det er fantastisk å sjå kor mange det er som eig nynorsken, og det er ein imponerande vilje til å finna fram til noko ein kan einast om. Den store jobben er det som føregår utanfor rettskrivinga. Me treng hjelp frå mange for å få det til. Høyringsfristen er på fredag. Styret bestemmer i morgon kor lenge bloggen skal vera open, truleg til 1. april. Me har hatt høyringa før det er sett punktum, mens det vanlegvis skjer når innstillinga er ferdig. Departementet avgjer om det blir ei høyring til. Norma gjeld frå 1. august 2012. Styret søkjer råd om kva som skal gjerast vidare.

Jan Olav Fretland takka for frammøtet og engasjementet.

*Referent: Aud Søyland*